

## **Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 04.09.2017**

Behandlingsinformasjon:

Arild Sunde Rinnan orienterte og viste Powerpoint

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen

Vedtak:

Planforslaget til *Detaljreguleringsplan for Aure, rundkøyring ved småbåthamna* (Planid 15282016007) vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.



Dato: 25.08.2017  
Arkivref: 2016/1205-  
10315/2017

Saksbeh.: Arild Sunde Rinnan

Saksnr	Utval	Møtedato
	Nærings- og utviklingsutvalet	

## 14/630 m.fl - Detaljreguleringsplan for Aure, rundkøyring ved småbåthamna

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Planforslaget til *Detaljreguleringsplan for Aure, rundkøyring ved småbåthamna* (Planid 15282016007) vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningsslova § 12-11.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Nordplan AS har på vegne av Sykkylven kommune fått i oppdrag å utarbeide ein detaljreguleringsplan for framtidig rundkøyring i krysset ved småbåthamna der FV60 (Sykkylvsvegen) og FV73 (Dalevegen) møtast. Bakgrunn for planarbeidet er å legge til rette for etablering av eit sikrere kryss gjennom ombygging av dagens firearma kryss til rundkøyring. I tillegg er det lagt til rette for gangveg langs vestsida av FV 60 og trygge kryssingspunkt for fotgjengarar.

Planforslaget er no saksbehandla av administrasjonen og vert lagt fram for NU.

#### Saksopplysning

##### Planstatus

I kommunedelplan for utvida sentrumsområde er det lagt opp til etablering av rundkøyring i krysset ved småbåthamna. Mot sør i retning Aureelva er arealet avsett til friområde. Mot vest er det kai og forretning, mens arealet mot nordaust er avsett til bustadområde.

Tilgrensande reguleringsplanar som delvis vil bli erstatta av aktuell detaljregulering er :  
Reguleringsplan for gnr. 14 bnr. 433, planid 15282014003.  
Reguleringsplan Pilkvitla, planid 15281981001.  
Reguleringsplan Øvstetegane, vedtatt 17.12.01, planid 15282001012.

##### Omtale av planforslaget

Størrelsen til rundkøyringa er planlagt å få omtrent same dimensjon som rundkøyringa på FV60 ved kyrkja. Det blir lagt opp til to fotgjengarovergangar på Sykkylvsvegen, før og etter rundkøyringa. Fotgjengarovergangen over Dalevegen blir videreført, men flytta noko lenger aust. Det blir også fotgjengarovergang over Ullavikvegen. Gang- og sykkelvegen på austsida av Sykkylvsvegen blir videreført og det vil bli gang- og sykkelveg mellom Sykkylvsvegen og Ullavikvegen som vil gå vidare på vestsida av Sykkylvsvegen mot brua over Aureelva. Det er planlagt ein «snarveg» med trapp ned til Brødrene Aursnes sitt prosjekt «Aureosen brygge», og ein avstikker frå gang- og sykkelvegen mot småbåthamna.

Avkjørsla frå Dalevegen til Øvsteteigane/Skjerva er viderført som vedtatt i Reguleringsplan for Øvsteteigane (utsnitt side 6 i planomtalen).

Sykkylven kommune gjennomfører og finansierer reguleringsplanprosessen for rundkøyringa. Prosjektering og finansiering av bygginga av rundkøyringa vil bli gjort av Statens vegvesen.

Til varsel om oppstart kom det inn fem merknader. Frå NVE, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens Vegvesen og representant for barn og unge i Sykkylven kommune, Cathrine Hovdenakk. Merknadane er tatt til følgje eller til etterretning. Sjå vedlagt «Merknadsskjema-varsel om oppstart».

### **Vurdering**

#### Planføresegner

Ingen merknad

#### Plankart og SOSI-fil

Ingen merknad

#### Planomtale

Ingen merknad

#### Universell utforming/ Tilgjenge til alle

Planområdet er relativt flatt og vil tilfredsstillere universell utforming med tanke på stigningsforhold for gang- og sykkelvegen. Det er også lagt opp til nye kryssingspunkt som vil gjere det tryggare å krysse fv.60. Dei nye kryssa vil også bidra til at det blir enklare å orientere seg i området for svaksynte, og auke tilgjenge til dei planlagde friområda.

#### Barn og unges interesse

Planforslaget vil ikkje være i konflikt med barn og unges interesser. Planen vil legge til rette for betre kryssing av fylkesvegen, slik at det opplevast tryggare å bevege seg i området.

#### Naturmangfald og friluftssinteresser

Ingen merknad

#### Kulturminne- og miljø

Fylkeskommunen ber om at ein er varsam under opparbeiding av området, og at ein melder i frå til dei dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, jf. § 8 i kulturminnelova.

#### Samfunnstryggleik

Multiconsult AS har gjennomført ein flaumkartlegging/berekning av Aureelva, jf. rapport frå 21.12.16

*«For planlagt rundkjøring ved Aureelva er det vurdert at forventet flomvannstand inkludert klimapåslag vil ligge på kote 2,67 (NN2000), og det anbefales at rundkjøringen ikke legges på et lavere nivå enn kote 3,0. Eksisterende vegbane ser ut til å ligge på ca. kote 4 der det er planlagt ny rundkjøring, så med tanke på vannstand er det ok å bygge ny rundkjøring på samme nivå som eksisterende vegbane. Det ser ikke ut til å være behov for erosjonssikring av planlagt rundkjøring pga. Aureelva, men det er ikke gjort noen beregning av eventuelle bølgepåkjenninger fra sjøen.»*

Forventa havnivåstigning og stormflo er på omtrent kote 2,7 og rundkøyringa vil ligge på kote 4. Området ligg skjema mot vest/sørvest av småbåthamna, og det er ca 1 meter å gå på med omsyn til eventuell bølgepåverknad

#### Kommunikasjon, veg og tekniske forhold samt trafikktryggleik

Det har skjedd fleire ulykker i krysset mellom fylkesveg 60, Dalevegen og Ullavikvegen. Ei framtidig rundkøyring vil redusere farta gjennom krysset og bidra til betre trafikktryggleik i forhold til dagens løysing.

## Økonomiske konsekvensar

Sykkylven kommune finansierer reguleringsplanprosessen.

May-Helen Molvær Grimstad  
rådmann

Bjarte Hovland  
einingsleiar

Arild Sunde Rinnan  
arealplanleggar

Vedlegg:

- 1 15282016007- Føresegner- rev. 24.08.17
- 2 15282016007 - Plankart - rev. 24.08.17
- 3 15282016007 - Planomtale - rev. 24.08.17
- 4 Varslingsbrev rundkøyning, datert 21.10.16
- 5 Merknadskjema\_varsel om oppstart 210317
- 6 Skredfrarekartlegging og flomberegning Sykkylven, 21.12.16
- 7 Teikningar og profil av rundkøyninga
- 8 Skredvurdering\_Reguleringsplan gnr. 14 bnr. 433  
20.10.2014